

KVAR MÅNDAG  
KL. 19:30

**radio**  
**BINGO**

Bygderadio  
**VEST**

FM og internett  
[www.bygderadiovest.no/bingo](http://www.bygderadiovest.no/bingo)

**Bingoblokker kjøper du på:**  
Nærbutikken i Tafjord, Bunnpris i Valldal og  
Coop Prix i Stordal.

**Continental**  
Norges mest kjøpte dekk

Vi fører dei fleste  
kjende dekkmerke.

**nokeian  
TYRES TOYO**

Kom innom  
og få eit tilbod  
på sommardekk.



**V/B VALLDAL  
BILSENTER AS**  
6210 VALLDAL - TELEFON 70 25 77 06 - [vall-bil@frisurf.no](mailto:vall-bil@frisurf.no)

I disse dagar må vi prøve  
å halde hjula i gang.  
Har du sjekka sommardekk dine?

**Eidsdal Bilhjelp**  
Tlf. 920 23 397 6215 Eidsdal ronnekarl@gmail.com

Tafjord fredag 3. april 2020

**Logg inn!**

Er du abonnent sender du e-post-adressa di til: [post@storfjordnytt.no](mailto:post@storfjordnytt.no) for å få tilgang til Storfjordnytt sine nye nettsider.

Er du ikkje abonnent, kan du bli det ved å registrere deg på nettsidene våre og få tilgang til våre nye digitale tenester.

# Innetid er lesetid!

MANGE AV OSS ER for tida heime, anten vi vil eller ikkje. Nokre av oss er pålagt karantene eller isolasjon, andre har sjølvpålagt heimekontor fordi det er tryggast. Nokre må gjere jobben der ute, på den faste arbeidsplassen, for å halde hjula i gang. På kvar vår måte gjer vi det beste ut av situasjonen.

Felles for dei aller fleste av oss, er at vi uansett er meir heime og inne enn før. Det inneber samstundes at vi har betre tid til å lese aviser på nett og papir. I desse uvante tidene har vi stor trong for å vite kva som skjer rundt oss, både ute i den store verda og i nærmiljøet. I lokalsamfunnet vårt skjer det mykje frå dag til dag som vi vil ha informasjon om.

Vi i lokalavisene gjer vårt aller beste for at du og dine skal bli oppdaterte. Sjølv om også mange avisfolk er på heimekontor, får vi ut nyhende og samfunnsviktig informasjon til innbyggjarane. Og du kan stole på det du les i norske redaktørstyrte medier.

Her og no vil vi i lokalavisa di – i samarbeid med Landslaget for lokalaviser – berre minne om at journalistikk kostar pengar! Og at vi er glade for at du er blant dei som abonnerer på avisa eller som har kjøpt ho i laussal. På same måte som lokalavisa må ta betalt for innhaldet på nett, må vi ha inntekter for å lage, trykke og distribuere papirutgåva du no held i. Tusen takk for at du er med på spleiselaget.

Du har truleg lagt merke til at det i dag er lite annonsar i avisa. Naturleg nok, når så mange butikkar og andre verksemder har redusert aktivitet eller stengte dører. Mange lokalaviser har dermed over natta tapt mellom 50 og 90 prosent av annonseinntektene. Det inneber at vi i desse dagar set ekstra stor pris på abonnentane våre. Vi er djupt takknemlege for å ha dykk med oss. Dersom du har lyst, kan du gjerne anbefale også familie, vener og kollegaer å abonnere på lokalavisa. Desto fleire som betaler for lokale nyhende no, jo større sjanse er det for at alle har ei oppegående lokalavis også til hausten. Når vi vonleg er tilbake til meir normale tider.

La oss i mellomtida ta godt vare på kvarandre.



LANDSLAGET FOR  
LOKALAVISER